Naturvernforbundet
i Trøndelag

Trondheim, 20.09.22

Frosta Kommune
Fånesvegen1
7633 Frosta

# Klage på vedtak om å gi Norcod AS dispensasjon fra kommuneplanens arealdel for etablering av torskeoppdrett – Breivika.

**Frosta kommune har i formannskapsmøte den 19.08.22 vedtatt å gi Norcod AS dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for etablering av Torskeoppdrett i Breivika i Frosta kommune. Dette til tross for mange negative tilbakemeldingar frå alle som kom med innspel i høyringa. Naturvernforbundet i Trøndelag klager med dette på vedtaket om å gi dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for etablering av torskeoppdrett og ber om at vedtaket blir oppheva.**

Naturvernforbundet i Trøndelag kom ikkje med noko innspel i høyringsrunden då me blant anna var opptatt med torskeoppdrettsaker i nabokommunen Levanger, disse planane vart lagt vekk sidan faginstansar råda mot slike etableringar. Me håpar at Frosta kommune vil følgje råda som og blir gitt i denne saka.

Det er beklageleg at formannskapet etter forslag frå kommunedirektøren vedtek å gi dispensasjon frå kommuneplanens arealdel. Kommuneplanens arealdel er ein plan for kva areala i kommunen skal brukast til og legg til grunn omfattande arbeid og vurderingar som skal sikre forutsigbarheit. Hovudregelen er at tiltak skal gjerast i tråd gjeldande arealplan, ein kan lure på kvar vurderingane er når ein skal dispensere frå ein plan som er vedtatt for under 2 år sidan. Dispensasjon er ein snever unntaksregel som berre skal nyttast for mindre og kurante enkeltståande tilfelle der det ikkje er behov for næmare avklaringar.

Vidare kan ein sjå til Plan- og bygningsloven § 19-2. annet ledd første punktum:

> *Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt.*

Naturvernforbundet ser at ved å dispensere frå kommuneplanen så blir nasjonale og regionale interesser vesentleg tilsidesett. Trondheimsfjorden med livet i den og rundt er viktig både regionalt og nasjonalt av mange forskjellige grunnar. Verdal kommune har nyleg vore frampå når det kjem til liknande planer i nabokommunen Levanger. Bekymringane og interessene i regionen vart da høyrt. Regionen er tent med at ein klarar å sikre sine felles interesser.
Av interesser nasjonalt så står det dårleg til med kysttorsken mange plassar og det er viktig å sikre dei områda som fungera bra no og i framtida. Tauterryggen marine verneområde som ligg rett ved området som er foreslått opna fekk sitt vern som ein del av Nasjonal marin verneplan. Planen er at det skal komme fleire slike verneområde i framtida, og det er naturleg at slike områder ofte blir liggande i nærleiken av allereie kjente førekomstar. Områda rundt verneområdet må ein derfor vere ekstra forsiktig med, dette heng også saman med at kvaliteten på eit verneområde blir sterkt påverka av omgjevnadane.

Adresse: Sandgata 30 b, 7012 Trondheim – Telefon: +47 926 07 318 E-post: trondelag@naturvern.no –
Internett: www.naturvernforbundet.no/trondelag

**Ein kan derfor ikkje innvilge dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for etablering av torskeoppdrett i Breivika med bakgrunn i plan- og bygningsloven § 19-2 slik det blir gjort i vedtaket.**

## Sårbare fjordbestandar av kysttorsk.

Naturvernforbundet viser til rapporten «Kunnskapsgrunnlag for mulig påvirkning fra oppdrettstorsk og levendelagret torsk på villtorsk» (Bestilt av Fiskeridepartementet Havforskning 2021-22). Me ønsker å legge til oppsumeringen i si heilheit. Spesielt relevante setningar er utheva av oss:

> a) Forskning viser at bestandene av kysttorsk er truet, og det er foreslått en gjenoppbygningsplan i nord. Vi anbefaler at miljøeffekter av torskeoppdrett inkluderes i arbeidet med gjenoppbygningsplanen. Vi anbefaler videre å tette kunnskapshull knyttet til økologi og livshistorie hos kysttorsk i nord. Lokale gytefelt langs hele kysten, spesielt sårbare fjordbestander, bør fortsatt beskyttes mot torskeoppdrett. Det bør også vurderes restriksjoner mot flytting og levendelagring av torsk nær gytefelt.
> b) Inntil bedre kunnskap foreligger, anbefaler vi at beite- og oppvekstområder i nærhet av gytefelt i indre fjord med høy grad av retensjon, lokal bunnslåing av larver og sårbare bestander gis beskyttelse.
> c) Kunnskapen om effekten av genetiske interaksjoner mellom domestisert oppdrettstorsk og villtorsk er i stor grad manglende. Vi har imidlertid mye kunnskap om negative effekter av rømt oppdrettslaks. Risikoprofilen for torsk antas å være høyere, spesielt for svake bestander av kysttorsk, og vil avhenge av hvor stort presset fra oppdrettspopulasjonen er i forhold til størrelsen på lokale bestander, samt grad av domestisering og genetisk avstand til villtorsken. I tillegg både rømmer og gyter oppdrettstorsk i merd, og det finnes ikke barrierer mellom generasjoner hos en rein marin art som torsk. Ved å bruke steril torsk i oppdrett elimineres risikoen for genetiske interaksjoner, og vi anbefaler at bruk av steril torsk utredes.
> d) Rømt torsk kan også spre sykdom til villfisk, eller påvirke økosystemene på andre måter (for eksempel konkurranse om beiteområder eller predasjon). Det er også en rekke parasitter, bakterielle og virale agens som kan bli utfordrende ved økt oppdrett og levendelagring av torsk. Vi anbefaler at problemstillinger og kunnskapshull knyttet til sykdom og smittespredning hensyntas og tettes, inkludert flytting av fisk med ukjent smittestatus. I tillegg kan torskeoppdrettsanlegg føre til endringer i vandringsmønster, adferd, fysiologi og reproduksjon hos vill torsk som igjen kan påvirke overlevelse, vekst og rekruttering. Enkelte av disse faktorene har også paralleller til effekter av lakseoppdrett på vill torsk. Slike faktorer bør inkluderes som mulige risikofaktorer i den planlagte risikovurderingen. Havforskningsinstituttet har også nettopp ferdigstilt «Strømkatalogen». Dette verktøyet simulerer spredning av partikler eller patogener, og kan benyttet av forvaltningen i lokaliseringsspørsmål. For å kunne gi mer presise risikoråd i henhold til forvaltningens behov, planlegges en helhetlig risikovurdering av miljøeffekter av torskeoppdrett i 2022.

Torskeoppdrett vart i 2022 for første gang ein del av vurderingane i den årlege risikorapporten for norsk fiskeoppdrett, også her blir det påpeika at risikoen knytt seg til gyting i frie massar, rømming og sjukdom, og at fjordområda er sårbare og bør gis beskyttelse.

**Føre -var- prinsippet, som ligg til grunn for norsk miljøvernrådgiving tilseier at det ikkje kan gis tillating til torskeoppdrett i Trondheimsfjorden.**

## Trondheimsfjorden – Eit samanhengande økosystem og felles ansvar.

Risikoen for å skade lokale torskestammene i et forsøk på å få i gang oppdrett av torsk er et sjansespel Frosta kommune bør holde seg unna. Kommunen både kan og bør sette klare forbod mot oppdrett av arter det er kunnskap om kan få stort skadeomfang, inkludera i aller høgaste grad torsk. Dette er det andre kommunar som har forstått. Det same økosystemet som dei vernar om går på tvers av kommunegrenser, ein har eit felles ansvar for å sikre økosystemet i fjorden også for

framtida. Kysttorsken er eit regionalt og nasjonalt ansvar som krev at lokale vedtak viser omsyn til dei større økosystema.

Levanger kommune har tidlegare opna for etableringar av torskeoppdrett, dette var det mange som var imot. Blant anna Verdal kommune og Statsforveltaren i Trøndelag som var mot etablering av torskeoppdrett i Levanger. Det var mange grunnar til dette som også er relevant i denne saka. Nokre grunnar var, nærleik til marint verneområde, moglege korallførekomstar, negative konsekvensar for lokale bestandar av kysttorsk og det store artsmangfaldet generelt i Trondheimsfjorden. Statsforvaltaren påpeika vidare at det er nok kunnskap til å fastslå at oppdrett av marin fisk i Trondheimsfjorden vil utgjere ein betydeleg risiko og påføra eit ytterlegare press på allereie pressa stammar av villfisk i fjorden. Dette er vurderingar som Naturvernforbundet i Trøndelag kan stille oss bak.

I framtida så ønsker Naturvernforbundet i Trøndelag å bli informert om planar for torskeoppdrett i Frosta kommune.

**Naturvernforbundet i Trøndelag**

Magne Vågeland

Magne Vågsland, leder.